

Statsforvaltarens tilråding til Miljødirektoratet om vern av 2 skogområde i Rogaland

Djupalia i Sandnes kommune
Riskadalsvatnet i Hjelmeland kommune



Djupalia. Foto: Einar Heegaard.



Irsk hannelav, Riskadalsvatnet. Foto: S.E. Torvik

Statsforvaltaren i Rogaland, august 2026

Innhald

1.	FORSLAG	3
1.1	Heimelsgrunnlag.....	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser	4
1.2	Planstatus	5
2.	SAKSHANDSAMING	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar	5
2.2	Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt.....	6
2.3	Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.4	Forvaltningsmyndigheit.....	6
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN	7
3.1	Namn	7
3.2	Avgrensing	7
3.3	Verneforskriftene	7
4.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	7
4.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
4.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
4.3	Avveging skogvern – skogbruk	8
5.	SKILDRING AV KVART VERNEFORSLAG MED MERKNADER	9
5.2	Djupalia naturreservat, Sandnes kommune.....	9
5.3	Riskadalsvatnet naturreservat, Hjelmeland kommune.....	13
6.	Vedlegg	17

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Rogaland tilrår vern av to skogområde i medhald av naturmangfaldlova (lov om forvaltning av naturens mangfold). Begge skogområda som blir foreslått verna, vil gi opphav til to nye naturreservat.

Tilrådinga omfattar 1 671 dekar nytt verneareal med 985 dekar skogareal og av dette er 237 dekar produktiv skog.

Skogområda som blir foreslåtte verna, er:

- **Djupalia**, Sandnes kommune, Rogaland fylke. Areal 1 447 daa
- **Riskadalsvatnet**, Hjelmeland kommune, Rogaland fylke. Areal 224 daa

1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Dei foreslåtte verneområda inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Dei foreslåtte verneområda har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike områda er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til

langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er rike edellauvskogar av ulike typar, som har, og har stort potensiale for, sjeldne og sårbare artar.

I verneplanane i denne tilrådinga er verneverdiane for områda knytt til trua og nær trua naturtypar i form av ulike rike edellauvskogar. Dei rike edellauvskogane bidrar til å fylle manglar i skogvernet både regionalt og på nasjonalt nivå. Samstundes vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i desse verneforslaga er for Djupalia innhenta frå skogvernrapporten etter skogkartlegginga, mens for Riskadalsvatnet var naturmangfaldet allereie godt kjent frå før og faktaark om naturtypar er henta frå Naturbase og arts kunnskap frå Artskart.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslåtte verna er hogst, tilrettelegging for friluftsliv og arealbruksendring. Vern av dei foreslåtte områda skal gjennom føresegner om slike tiltak, sikra areal med sårbar natur og viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av kjente og viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua og nær trua naturtypar og levestad for mange trua og nær trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Likevel kan tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, i sum og over tid medverke til at verneverdiane forringast. For enkelte aktivitetar vil det difor i tråd med prinsippet om samla belastning (§ 10 i nml.) vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. I tråd med prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i nml.) og at den ansvarlege betalar (§ 11 i nml.), er det ut frå omsynet til verneverdiane fastsette føresegner i verneforskrifta som gjer det naudsynt å søka dispensasjon frå denne for ein del tiltak og aktivitetar, mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i områda (jf. verneforskriftene § 3).

Statsforvaltaren vurderer det sånn at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5, og at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldlova § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Etter Statsforvaltarens oppfatning føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet i § 9 i nml. blir difor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldlova kapittel II, blir det vist til omtalen av kvart enkelt verneområde i kapittel 5.

Dersom områda ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal ivareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft, energi og mineral:

Det går ingen kraftleidningar gjennom eller tett på nokon av verneforslaga.

Det er ikkje regulerte vassdrag eller digitale kraftpotensial innanfor nokon av verneforslaga.

Det er ingen kjende mineralførekomstar innanfor nokon av verneforslaga.

Friluftsliv:

Djupalia naturreservat ligg i eit kartlagd friluftsområde av typen *strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag* med områdeverdi *svært viktig friluftslivsområde* (FK00043073 Lysefjorden). Og kring dette er det fleire store kartlagde friluftsområde av typen *stort turområde med tilrettelegging* og av typen *stort turområde utan tilrettelegging* (FK00043068, FK00043074 og FK00043069)

Riskadalsvatnet naturreservat går ned mot vatnet delvis inn i eit kartlagt friluftslivsområde av typen *nærturterreng* med områdeverdi *svært viktig friluftslivsområde* (FK00016199 Riskadalsvatnet - aust).

Landbruk:

Det er ingen landbruksdrift i nærleiken av Djupalia.

Riskadalsvatnet grensar delvis mot ei naturbeitemark i vest.

Villrein:

Ingen av verneforslaga ligg innanfor leveområde for villrein.

1.2 Planstatus

Areala i begge verneforslaga er avsett som LNFR-område i kommuneplanens arealdel til dei respektive kommunane.

Verneforslaget Djupalia ligg innanfor arealet til *Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet* som blei vedtatt av Fylkestinget 17. juni 2025¹. Der er mål og strategi formulert sånn: «*Natur, kulturmiljø og landskap i Lysefjorden skal tas vare på, og er grunnlaget for naturopplevelser, rekreasjon og reiseliv.*» «*Fremme bærekraftig bruk av landskap, kultur- og naturområder med særlig fokus på å skjerme områder som er spesielt verdifulle eller sårbare.*». Djupalia naturreservat vil vere med på å skjerma spesielt verdifull og sårbar natur.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

Begge områda i desse verneplanane er kome som tilbod frå grunneigarar via ein skogeigar-organisasjon, i dette tilfellet AT Skog, gjennom ordninga frivillig vern av skog. Tabellen viser datoar for tilbod, oppstart og høyring.

Oversikt over viktige datoar.

Område	Tilbod	Oppstart	Høyring
Djupalia	01.12.2021	05.09.2025	02.02. - 08.04.2026
Riskadalsvatnet	04.09.2025	05.09.2025	02.02. - 08.04.2026

¹ Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet <https://www.rogfk.no/f/p1/i7f555d98-ce6f-4c1e-9755-09e311eeea608/regionalplan-for-preikestolen-og-lysefjordområdet.pdf>

2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt

Ikkje aktuelt då verneforslaga ikkje ligg i reinbeitedistrikt eller har kjente samiske interesser.

2.3 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaga er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 er verdien og kvaliteten i verneforslaga grunngeve på overordna nivå og samanhengen med regionale, nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Der er også kort omtalt kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 2 er sakshandsamingsprosessen lista. Kapittel 3 tar føre seg viktige endringar i namn, verneavgrensing og verneforskrift. Kapittel 5 viser til samfunnsnytta av verneforslaga vurdert på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Avvegingar mellom skogvern og skogbruk er kort omtalt her. I kapittel 6 er kvart einskild verneforslag presentert med verneformål og særskilte verneverdiar og omtale av inngrepsstatus og andre interesser. Vidare omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader som har kome inn frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper, under kvart verneforslag. Undervegs i verneplanprosessen er det gjort avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre brukar- og samfunnsinteresser, og om naudsynt, er det gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaga. Verneforslaga er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellukka gjennomføring.

2.4 Forvaltningsmyndigheit

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndigheit for nye verneområde i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsmyndigheit blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått signal frå nokon av kommunane om at dei ønsker forvaltningsmyndigheit verneområda i sin kommune.

Statsforvaltaren får forvaltningsmyndigheit i Djupalia naturreservat og Riskadalsvatnet naturreservat.

Område	Kommune	Har forv.mynd. i dag	Ønsker forv.mynd.
Djupalia	Sandnes	Nei	Tilbakemelding ikkje mottatt
Riskadalsvatnet	Hjelmeland	Nei	Tilbakemelding ikkje mottatt

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Ingen av verneforslaga har fått endra namn etter oppstart eller høyring.

3.2 Avgrensing

Avgrensingane har ikkje blitt endra for nokon av verneforslaga etter oppstart eller høyring.

3.3 Verneforskriftene

Berre mindre endringar er gjennomført i verneforskrifta til Djupalia etter høyringa, men ikkje på grunnlag av merknader.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Begge områda er i arealplanane til sine respektive kommunar, avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område).

I verneforslaget Djupalia er kartlegging av naturverdiane i områda gjennomført som del av verneplanprosessen. I verneforslaget Riskadalsvatnet er eksisterande data brukt som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mellom anna skogbruk, jordbruk, mineralutvinning, regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det vil også avgrense framtidig tilrettelegging for utstrekt friluftsliv og for friluftsliv som treng tilretteleggingar. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at dei to verneforslaga slik dei no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å ta vare på naturmangfaldet med trua og nær trua naturtypar og artar og andre prioriterte skogtypar. Verneforslaga vil ta vare på leveområde og funksjonsområde mange ulike organismar. Verneforslaga vil også sikre viktige område for enkelt friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområda vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. Det vil kunne vere naudsynt å fjerne framande artar i verneområda, til dømes spreidd gran, platanlønn og eventuelt andre artar.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverking og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 08.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Betydning for tømmer tilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet. Betydning for tømmer tilgangen og betydning for vern blir sett inn i matrisa i figur 1. Alle dei områda som no blir foreslåtte for vern ligg innanfor dei kategoriane som skal prioriterast for vern (grøne ruter). Gjennom verneprosessen er det gjort tilpassingar mot skogbruksinteresser og andre interesser.

I denne tilrådinga er Riskadalsvatnet er omfatta av oppdraget. Djupalia (Håheller – namn på tilbodsarealet) blei tilboden for frivillig vern av grunneigar før 01.02.2022 og er difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet, men det er likevel gjort ei vurdering Djupalia.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 ¹⁾
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 ¹⁾
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
Betydning for tømmer tilgangen									

Figur 1. Matrise for kva området betyr for tømmer tilgangen og betydningen for vern. Grøne område angir område der vern skal prioriterast framfor skogbruk, raude ruter angir at tømmer tilgangen skal prioriterast framfor vern og gult felt angir område som må vurderast nærare av Statsforvaltaren.

Område	Betydning for vern og tømmer tilgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Djupalia naturreservat	V2S7	7 270 daa	1 447 daa
Riskadalsvatnet naturreservat	V1S7	224 daa	224 daa
Totalt	Har betydning for vern. Har mindre betydning for tømmer tilgang	7494 daa	1671 daa

5. SKILDRING AV KVART VERNEFORSLAG MED MERKNADER

5.2 Djupalia naturreservat, Sandnes kommune

Totalareal 1447 dekar.

Skogareal totalt 1044 dekar.

Produktiv skog 155 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som lågurtedellauvskog og frisk rik edellauvskog med dominans av ask og innslag av alm, eik og hassel
- representerer ein bestemt type natur i form av rike edellauvskogar med ulike utformingar
- har særskilt betydning for biologisk mangfald med stor førekomst av ask, alm og lind.

Området inneheld mange store, gamle og gjerne hole, edellauvtre, samt godt med død ved.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Djupalia ligg på nordsida av Lysefjorden litt vest for garden Håheller. Verneforslaget går langs sjøen frå Eiketona til odden Krossnes, men med eit lite areal grensa ut ved to hustufter. Verneforslaget dekker all skogen i denne lia frå fjorden og opp på fjellet Sørå Dalafjellet med høgaste punkt i nordvestre hjørnet på 700 moh. Om lag halvparten av verneforslaget ligg under 300 moh.

Verneforslaget inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av naturtypane lågurtedellauvskog (VU) og frisk rik edellauvskog (NT). Edellauvskogen inneheld mykje ask (EN) og med innslag av alm (EN), lind (NT), svartor, hassel, eik, og i tillegg boreale treslag som bjørk og selje, samt furu. Dei lågareliggande areala har mykje kalkrik bakkevegetasjon. Det er bra førekomst av store gamle edellauvtre, nokre er styva, og død ved som gir skogen naturskogpreg. Opp mot fjellet går skogen over i bjørkeskog.

Dei rike edellauvskogar kan husa ei lang rekke raudlista artar, og i verneforslaget er det registrert ask (EN), alm (EN), villeple (VU) og lind (NT), men krevjande terreng gjer at ikkje heile arealet kunne kartleggjast. Det er potensiale for fleire raudlista artar, til dømes også opp i bekekløftene. Området ligg i hovudsak i sørboreal vegetasjonssone, men topografien i denne sørhallinga djupt nede i ein trong fjord med høge fjell gir eit varmekjært lokalklima og gode vekstforhold når sola står på frå sør. Området ligg i sterkt oseanisk seksjon (O3) med mykje nedbør, og til saman skapar dette eit varmt og fuktig miljø som gir gode høve for ei rekke oseaniske artar.

Dei øvre delane av verneforslaget inngår i mellomboreal vegetasjonssone med blanding av bjørk og furu, før fjellbjørkeskogen overtar, og området blir trelaust opp mot fjellet. Her er det bratte og steile fjellsider og fleire bekekløfter med skog som av sikkerheitsomsyn ikkje er undersøkte. Areal opp mot fjellet er tatt med både fordi det vernar område som naturleg har stor verknad på dei store verneverdiane i skogen lenger ned og fordi det kan gi rom for skogen å utvikla seg naturleg inne i verneområdet ettersom klimaet blir varmare.

Statsforvaltaren vurderer at det tilrådde verneforslaget har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med trua og nær trua naturtypar av to typar rike edellauvskogar som er prioriterte naturtypar i Rogaland. Rike edellauvskogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekker også manglar i skogvernet ved at nedre halvdel er lågareliggande

areal (< 300 moh) og ligg i sørboreal vegetasjonssone. Topografien med søraustleg eksposisjon gir saman med at området ligg i sterkt oseanisk seksjon (O3), eit varmt og særleg fuktig lokalklima med gode vekstforhold for varmekjær edellauvskog og kan også gi opphav til habitat som husar krevjande og fuktelskande flora av mosar og lav.

Området har godt økologisk nettverk til Frafjordheiane landskapsvernområde (VV00002235) som ligg tvers over fjorden. Det vil også ha eit visst økologisk nettverk til Skurvedalen naturreservat (VV00003535) som er næraste skogvernområde på same side av fjorden og Griggelia naturreservat (VV00003954), på motsett side av fjorden. Longavatnet naturreservat (VV00001909), Ulvaskog naturreservat (VV00003956) og Hesten naturreservat (VV00000822), ligg alle på nordsida av Lysefjorden og inngår i Regionalplan området Preikestolen og Lysefjordområdet (jf. fotnote 1).

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er ingen stiar eller andre tilretteleggingar for friluftsliv i området. Det er to hustuffer i nærleiken av elva som kjem ned i Djupalia. Desse er grensa ut frå vernet etter førespurnad, jf. vernekartet. Det er også gjort kjend ein heller, litt vest for desse. Denne er ikkje tatt ut, men avmerkt på vernekartet.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av verneforslaget og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Djupalia naturreservat ligg i eit kartlagd friluftsområde av typen *strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag* med områdeverdi *svært viktig friluftslivsområde* (Lysefjorden - FK00043073). Og kring dette er det fleire store kartlagde friluftsområde av typene *stort turområde med tilrettelegging* og *stort turområde utan tilrettelegging* (FK00043068, FK00043074 og FK00043069) (Temakart Rogaland).

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er kartfesta hustuffer på ein husmannsplass på vernekartet (informasjon frå grunneigar).

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Begge verneforslaga i denne tilrådinga blei sendt på samla høyring 30.04.2026. Det kom inn 6 høyringsuttalar som alle er like for begge verneforslaga, med unntak av konkret merknad til kvart verneforslag frå Rogaland fylkeskommune som utgjer einaste forskjellen i dette avsnittet.

Høyringsmottakarane omfattar grunneigarar, naboar til verneforslaga og alle kommunane i Rogaland, jf. adresselista som er vedlagt tilrådinga. Vidare blei høyringa sendt til lokale, regionale og nasjonale instansar som oppgitt under, og jf. adresselista:

Arkeologisk museum (UiS), AT Skog SA, Avinor AS, Bane NOR SF, BirdLife Norge, BirdLife Rogaland, Dalane Energi AS, Den Norske Turistforening, Det Norske Skogselskap, Direktoratet for Mineralforvaltning, DNT Stavanger og omegn, Enida AS, Forsvarsbygg, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Framtiden i våre hender, Friluftsrådenes Landsforbund, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jæren Everk AS, Jæren Friluftsråd, Jæren Turlag, Jærsoppen, Jernbanedirektoratet, KE nett AS, Klima- og Miljødepartementet, Kommunal- og Distriktsdepartementet, Landbruks- og Matdepartementet, Landbruksdirektoratet, Lnett AS, Luftfartstilsynet, Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling AS, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet i Rogaland, NHO Reiseliv, NIBIO Norsk institutt for bioøkonomi, NINA Norsk institutt for naturforskning, Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Geologiske Undersøkelse (NGU), Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norges

teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Norsk Biologforening (BIO), Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit (NGS), Norsk Zoologisk Forening, Riksantikvaren, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Forening, Rogaland flaggermusgruppe (NIFF), Rogaland Idrettskrets, Rogaland Natur og Ungdom, Rogaland Orienteringskrets, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, SABIMA, Sauda Turlag, Skogselskapet i Rogaland, Skogvurdering AS, Sokkeldirektoratet, Språkrådet, Statens Kartverk, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Stavanger (UiS), WWF Verdens Naturfond.

Bane NOR, Luftfartstilsynet, NVE og Statnett har sendt uttale, men har ingen merknader til verneforslaga.

Albert Magnus Vogl ber på generelt grunnlag at merking av verneområde og oppsett av anna type skilt ikkje gir irreversible skadar på berggrunnen.

Rogaland fylkeskommune uttalar at verneforslaget er positivt for friluftslivet då urørt eller lite påverka skogsområde gir ein særeigen naturoppleving og tar ein vare på slike område for framtida. Frå eit friluftslivsperspektiv er det ønskeleg at en legg til rette for at områda er opne for allmenten til enkel ferdsel og bruk. Fylkeskommunen påpeiker to konkrete forhold i kvart sitt verneforslag og ber om at friluftslivet ikkje blir unødig forringa, eventuelt om at verneforskriftene blir tilpassa.

- Djupalia ligg tett opp mot Daladalen som er eit viktig område for tur ved og kring Lysefjorden.

Statsforvaltarens kommentarar:

Statsforvaltarens kommentar til Albert Magnus Vogl: Verneskilt og andre innretningar blir festa på mest hensiktsmessige og varige måtar utan å øydelegga eller påverke verneverdiane oppgitt i føremålet med vernet, jf. verneforskrifta. Det blir ikkje gjort unødig skade på berggrunnen.

Statsforvaltarens kommentar til Rogaland fylkeskommune: Verneforslaget er ope for enkelt friluftsliv, med sinking av bær og matsopp og jakt etter gjeldande reglar. Statsforvaltaren meiner at friluftslivet ikkje blir forringa på grunnlag av vernet. Heile Lysefjorden og fjellområda kring denne ligg innanfor ulike kartlagde friluftslivsområde.

Djupalia har ingen tilrettelegging for friluftsliv eller merka stiar, og det er heller ingen naturlege turmål eller ferdavegar gjennom verneforslaget.

Viktige endringar etter høyringa av Djupalia naturreservat

Namn: Ingen. Statsforvaltaren tilrår namnet Djupalia naturreservat som i høyringsforslaget.

Avgrensing: Ingen. Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget.

Verneforskrift:

Nokre få mindre endringar er gjort. I føremålet i § 2 er raudlistekategori av artar fjerna, då dette kan endra seg over tid. I § 7 bokstav f er *etablerte plantefelt* fjerna då dette ikkje finst i verneforslaget.

Kommentarar til verneforskrifta for Djupalia naturreservat

Tilrådd verneforskrift for Djupalia naturreservat er lagt ved høyringa. Under er einskilte paragrafar og dei som ikkje er standard i verneforskriftene, kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- c. *Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes ... opplag av båtar langs fjorden, ...*

Kommentar: Statsforvaltaren ønsker ikkje opplag av båtar langs sjøen då dette vil øydeleggja vegetasjonen under båtane.

- e. *Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning i strandkanten eller oppe på fjellet med tørrkvist frå bakken eller medteken ved og i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Verneforslaget er del av kartlagd friluftslivsområde med svært høg bruksfrekvens, men det er ikkje tilrettelagd med merka stiar, rasteplassar o.a. og ein må helst ha båt for å nå verneområdet. I tillegg er det mange andre område som er lettare tilgjengelege og betre tilrettelagde for friluftsliv. Djupalia naturreservat vil truleg ikkje vere gjenstand for særst utstrekt friluftsliv. Bålbrenning vil truleg vere mest aktuelt langs strandkanten. Det bratte og til dels ustabile terrenget skapar stor mengd døde småkvist. Statsforvaltaren vurderer difor at Djupalia naturreservat toler eventuell frekvens av bålbrenning. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning utgjer ein risiko i skogen, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i naturreservatet.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- d. *vedlikehald av eksisterande stiar og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet*

Kommentar: Statsforvaltaren er ikkje kjend med at det er stiar og andre innretningar i området, men det kan ikkje utelukkast.

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*

- h. *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer området som nokså lite aktuelt for jakt og er ikkje kjend med at det blir drive jakt i området. Det vurderast difor at Djupalia naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- d. *oppsetjing og vedlikehald av gjerder*

Kommentar: Dersom området skal kunne nyttast til beite kan det vere naudsynt med gjerde, men vil vurderer kvar søknad individuelt og gi naudsynte vilkår.

- e. *avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Djupalia naturreservat toler eventuell frekvens av aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d, men vil vurderer kvar søknad individuelt og gi naudsynte vilkår.

- f. *uttak og ringbarking av utanlandske treslag og gran, samt spreiiing frå desse*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag og gran som er spreitt i naturreservatet.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at Djupalia blir vernet som naturreservat med vernekart i samsvar med høyringsforslaget og med mindre endringar i verneforskrifta.

5.3 Riskadalsvatnet naturreservat, Hjelmeland kommune

Totalareal 224 dekar.

Skogareal totalt 145 dekar.

Produktiv skog 82 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som høgstaude-edellauvskog, lågurtedellauvskog og kalkbjørkeskog samt mange trua og nær trua artar
- representerer ein bestemt type natur i form av rike edellauvskogar med eik, ask, alm og lind, og skog med førekomst av fuktkrevjande oseaniske mose- og lavartar
- har særskilt betyding for biologisk mangfald då det husar mange trua og nær trua artar og også fleire regnskogsartar
- har særskilt naturvitskapeleg verdi då det går føre seg forskning på irsk hinnelav for å auke førekomsten av denne svært sjeldne arten

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Riskadalsvatnet ligg i Årdal, rett nord for tettstaden. Verneforslaget som òg heiter Riskadalsvatnet, ligg på nordsida av vatnet, i ei sørvestvend skogslåp nedanfor Hågafjell og omkransar delvis ei naturbeitemark ved Bønarlia. Verneforslaget ligg ikkje heilt ned til vatnet for å unngå turvegen som går langs vatnet. Mest heile verneforslaget ligg under 300 moh.

Området ved Riskadalsvatnet har svært høge naturverdiar og er gjennom fleire kartleggingar vurdert som svært viktig for naturmangfald. Skogen omfattar store areal med rik edellauvskog med eik, ask (EN), alm (EN) og lind (NT), og inneheld verdifulle naturtypar som høgstaude-edellauvskog (VU), lågurtedellauvskog (VU), haustingsskog, kalkbjørkeskog og gammal lauvskog. Området har naturtypar med viktige økologiske funksjonar, bra førekomst av store gamle edellauvtre og død ved som gir skogen tydeleg naturskogpreg og den er skildra som svært viktig regnskogslokalisitet. Skogen inneheld styvingstre, men det er lenge sidan trea har vorte hausta/styva, > 50 år (jf. naturbase faktaark).

Området som verneforslaget er ein del av, har svært mange artsregistreringar og stor førekomst av trua og nær trua artar (tabell under). Innanfor verneforslaget er det 42 registreringar av raudlista artar, av desse er det 16 ulike artar (Artskart). Blant dei er ein art kritisk trua (CR), fire artar er sterkt trua (EN), åtte er sårbare (VU) og tre er nær trua (NT) (Artsdatabanken 2021). Mange av dei registrerte artane, både raudlisteartar og artar som er vurdert som livskraftige, er av oseaniske mosar og lav som syner eit fuktig lokalklima og underbyggjer at skogen er i regnskogsegmentet som blei nemnd i kartlegginga frå 2009 (Naturbase BN00080477).

Irsk hinnelav *Leptogium hibernicum* som er kritisk trua (CR) (Artsdatabanken, Norsk rødliste for arter 2021) er særleg verd å nemne, både fordi den er svært sjeldan og fordi det innanfor verneforslaget, går føre seg skjøtsel kombinert med forskning for å ta vare på denne arten. Det blir gjort ved å forsøka å auka artens førekomsten ved transplatering av thallusfragment til nye tre (Bjelland, T. og Blanck, C.J. 2018, 2019, 2020, 2021, Bjelland, T. & Ihlen, P.G. 2013, Bjelland, T. 2022, 2023a, 2023b, 2024, 2025). Foreløpige resultat er at ca. 13 % av thallusfragmenta som blei transplantert til nye tre i 2018, framleis var i live i lokaliteten i 2025. Dette vurderast som positivt og vellukka resultat.

Statsforvaltaren vurderer at verneforslaget har svært stor verneverdi og fyller manglar i skogvernet både på regionalt og nasjonalt nivå ved store areal med trua naturtypar av rike edellauvskogar og mange trua og nær trua artar. Høgstaude edellauvskog og lågurtedellauvskog begge er vurdert til

sårbare (VU) og er prioriterte naturtypar i Rogaland. Slike skogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det er lågareliggende areal (< 300 moh) og har god skogbonitet, samt at det ligg i boreonemoral vegetasjonssone med sørvestleg eksposisjon som gir eit særleg varmekjært miljø. Området ligg i klart oseanisk seksjon med relativt fuktig klima, noko som understøttes av at det er registrert eit godt knippe med fuktkrevjande regnskogartar som indikerer regnskogsmiljø.

Trua og nær trua artar funne og registrert innanfor verneforslaget Riskadalsvatnet.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudliste-kategori
Irsk hinkelav	<i>Leptogium hibernicum</i>	CR
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	EN
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	EN
Kornfiltlav	<i>Parmeliella testacea</i>	EN
Trelegglav	<i>Gyalecta truncigena</i>	EN
Askevorte	<i>Requienella fraxini</i>	VU
Kjøttkraterlav	<i>Gyalecta carneola</i>	VU
Praktflekklav	<i>Coniocarpon fallax</i>	VU
Prakthinnelav	<i>Leptogium cochleatum</i>	VU
Prikkskriblelav	<i>Opegrapha vermicellifera</i>	VU
Rød stuvlav	<i>Thelopsis rubella</i>	VU
Stjerneflekklav	<i>Arthonia stellaris</i>	VU
Villeple	<i>Malus sylvestris</i>	VU
Lind	<i>Tilia cordata</i>	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	NT
Stortrollurt	<i>Circaea lutetiana</i>	NT

Verneforslaget har ikkje så godt økologisk nettverk til andre skogvernområde som ligg om lag 5,5 km mot aust (Fisterfjell, VV00001121) og 6 km mot sør (Målandsdalen, VV00001205). Det ligg likevel i eit område med svært mange registrerte verdifulle naturtypar og raudlisteartar. Det er heller ikkje så langt til næraste kartlagde boreonemoral regnskog utan bartredominans på sørsida av Årdalsfjorden (NINFP2310118177) og dermed andre regnskogsartar.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er eit kartlagde friluftsområde i nedre kanten av verneforslaget som omfattar turvegtraséen. Områdetypen er *Nærturterreng* med verdi *Svært viktig friluftslivsområde* og skildra som del av ein gammal kultursti mellom Fister og Årdal. Det har ganske stor bruksfrekvens og god tilgjengelegheit. Riskadalsvatnet med kringliggjande område, er også avgrensa som eit *dal- og hei-landskap* med verdi *regionalt viktig landskap*.

Det går ein gammal veg eller sti inn frå naturbeitemarka i aust om lag på høgdekote 100 moh. Denne ser ut til å slutta vel 100 meter inn i verneforslaget.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av verneforslaget og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Begge verneforslaga i denne tilrådinga blei sendt på samla høyring 30.04.2026. Det kom inn 6 høyringsuttalar som alle er like for begge verneforslaga, med unntak av konkret merknad til kvart verneforslag frå Rogaland fylkeskommune som utgjør einaste forskjellen i dette avsnittet.

Høyringsmottakarane omfattar grunneigarar, naboar til verneforslaga og alle kommunane i Rogaland, jf. adresselista som er vedlagt tilrådinga. Vidare blei høyringa sendt til lokale, regionale og nasjonale instansar som oppgitt under, og jf. adresselista:

Arkeologisk museum (UiS), AT Skog SA, Avinor AS, Bane NOR SF, BirdLife Norge, BirdLife Rogaland, Dalane Energi AS, Den Norske Turistforening, Det Norske Skogselskap, Direktoratet for Mineralforvaltning, DNT Stavanger og omegn, Enida AS, Forsvarsbygg, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Framtiden i våre hender, Friluftsrådenes Landsforbund, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jæren Everk AS, Jæren Friluftsråd, Jæren Turlag, Jærsoppen, Jernbanedirektoratet, KE nett AS, Klima- og Miljødepartementet, Kommunal- og Distriktsdepartementet, Landbruks- og Matdepartementet, Landbruksdirektoratet, Lnett AS, Luftfartstilsynet, Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling AS, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet i Rogaland, NHO Reiseliv, NIBIO Norsk institutt for bioøkonomi, NINA Norsk institutt for naturforskning, Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Geologiske Undersøkelse (NGU), Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Norsk Biologforening (BIO), Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit (NGS), Norsk Zoologisk Forening, Riksantikvaren, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Forening, Rogaland flaggermusgruppe (NIFF), Rogaland Idrettskrets, Rogaland Natur og Ungdom, Rogaland Orienteringskrets, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, SABIMA, Sauda Turlag, Skogselskapet i Rogaland, Skogvurdering AS, Sokkeldirektoratet, Språkrådet, Statens Kartverk, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Stavanger (UiS), WWF Verdens Naturfond.

Bane NOR, Luftfartstilsynet, NVE og Statnett har sendt uttale, men har ingen merknader til verneforslaga.

Albert Magnus Vogl ber på generelt grunnlag at merking av verneområde og oppsett av anna type skilt ikkje gir irreversible skadar på berggrunnen.

Rogaland fylkeskommune uttalar at verneforslaget er positivt for friluftslivet då urørt eller lite påverka skogsområde gir ein særeigen naturoppleving og tar ein vare på slike område for framtida. Frå eit friluftslivsperspektiv er det ønskeleg at en legg til rette for at områda er opne for allmenten til enkel ferdsel og bruk. Fylkeskommunen påpeiker to konkrete forhold i kvart sitt verneforslag og ber om at friluftslivet ikkje blir unødig forringa, eventuelt om at verneforskriftene blir tilpassa.

- Fylkeskommunen påpeiker at går det ein turveg langs Riskadalsvatnet.

Statsforvaltarens kommentarar:

Statsforvaltarens kommentar til uttalen til Vogl: Verneskilt og andre innretningar blir festa på mest hensiktsmessig og varig måte utan å øydelegga eller påverke verneverdiane oppgitt i føremålet med vernet, jf. verneforskrifta. Det blir ikkje gjort unødig skade på berggrunnen.

Statsforvaltarens kommentar til uttalen til Rogaland fylkeskommune: Verneforslaget er ope for enkelt friluftsliv, med sinking av bær og matsopp og jakt etter gjeldande reglar. Statsforvaltaren meiner at friluftslivet ikkje blir forringa på grunnlag av vernet.

Turvegen rundt Riskadalsvatnet ligg utanfor verneforslaget og vil ikkje bli påverka av vernet.

Viktige endringar etter høyringa i Riskadalsvatnet naturreservat

Namn: Ingen. Statsforvaltaren tilrår namnet Riskadalsvatnet naturreservat som i høyringsforslaget.

Avgrensing: Ingen. Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget.

Verneforskrift: Det er gjort ei mindre endring i § 7 bokstav f der det er tilførd *og gran* då ein ikkje ønsker spreiding av gran i verneområde i Rogaland.

Kommentarar til verneforskrifta for Riskadalsvatnet naturreservat

Tilrådd verneforskrift for Riskadalsvatnet naturreservat er lagt ved høyringa. Under er einskilte paragrafar og dei som ikkje er standard i verneforskriftene, kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. Bålbrenning er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Statsforvaltaren vurderer at det ikkje finst særleg godt eigna stader og at det ikkje bør vere naudsynt å tenna opp bål i eit så lite naturreservat. Området ligg nært busetnad, er lett tilgjengeleg og kan nyttast til nærturar. Dei fleste går truleg likevel langs turvegen ved vatnet like utanfor vernegrensa. Der gjeld ikkje vernereglane, men Statsforvaltaren oppmodar likevel til særleg omsyn ved bruk av eld. Naturreservatet blir verna fordi det inneheld eit svært verdifullt skogsområde med verdifulle tre og livsmiljø og inneheld svært sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning kan utgjere ein risiko for villbrann i skog, og Statsforvaltaren ønsker ikkje ta den risikoen i Riskadalsvatnet naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- e. vedlikehald av eksisterande stiar og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at stiar og andre innretningar i området kan haldast ved like.

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Baklåsjuvet naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og gran, samt spreiding av desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag og gran.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at Riskadalsvatnet blir vernet som naturreservat med vernekart i samsvar med høyringsforslaget og ei mindre justering i verneforskrifta.

6. Vedlegg

Vedlegga følger sendinga og ligg også på Statsforvaltarens si heimeside.

- Vedlegg 1. Kart og forskrift Djupalia naturreservat
- Vedlegg 2. Kart og forskrift Riskadalsvatnet naturreservat
- Vedlegg 3. Skogvernrapport Djupalia
- Vedlegg 4. Naturgrunnlag Riskadalsvatnet
- Vedlegg 5. Avveging skogbruk – skogvern Djupalia
- Vedlegg 6. Avveging skogbruk – skogvern Riskadalsvatnet
- Vedlegg 7. Høyringsfråsegner, samla for Djupalia og Riskadalsvatnet
- Vedlegg 8. Innspel oppstart Djupalia
- Vedlegg 9. Innspel oppstart Riskadalsvatnet
- Vedlegg 10. Adresseliste